



Johnny Ystebø  
Valdersnesvegen 18  
5939 Sletta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3397 - 22/55518

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
06.07.2022

## Melding om øydelagd lok på slamavskiljar og førehandsvarsel om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 499/8 Ystebø

**Tiltak:** Usikra lok på slamavskiljar  
**Byggjestad:** GBNR: 499/8  
**Tiltakshavar:** Johnny Ystebø og Marit Leknes Ystebø

Alver kommune har den mottoke melding frå Norva24 AS den 21.04.2022 om at det ved tømning den 23.03.2022 vart registrert øydelagd lok i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Slettevegen 856.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra, dette følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 28-6. Ein usikra eller dårleg sikra tank kan føre til at menneske eller dyr fell ned i han.

### For at loket skal vera forsvarleg må det vera:

- i solide material slik at ingen kan falla gjennom loket
- sikra med lås eller anna stengsel som ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side

### Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om at tanken er sikra og lokk er montert innan fristen over, varslar vi samstundes om at vi kan pålegga deg å sikra septiktanken din og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du fylla ut vedlagte skjema for utført

arbeid og returnera det til kommunen. Du må også leggja ved bilete som syner at det er montert lokk/ lokk er tilstrekkeleg sikra.

Avviksmelding med bilete frå Norva 24 er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Krav til sikring av septiktank/brønn følgjer av pbl. § 28-6.
- Plikt til sikring og istandsetting av byggverk og installasjonar følgjer av pbl. § 31-3.
- Plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av pbl. kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr 499-8 Ystebø

Melding om dårlig lokk på tank - gbnr 499/8 Ystebø

**Mottakarar:**

Johnny Ystebø  
Marit Leknes Ystebø

Valdersnesvegen 18  
Valdersnesvegen 18

5939 Sletta  
5939 Sletta